

## **Aktivitetskonkuranse 28 aug. 2015. Hornindal og Markane skyttarlag.**

Vi har i fleire år delteke i aktivitetskonkursen med vekslande deltakerantall. I år prøvde vi noko nytt.

Før skuleslutt i mai tok vi kontakt med skuleledelsen ved Hornindal skule med spørsmål om det kunne vere intresant å samarbeide om dette arrangementet. Seinare deltok vi på ein planleggingsdag i skulen tidleg i august, der opplegget vart bestemt.

For at vi skulle unngå busstransport av elevar frå skulen til skytebana, bestemte vi oss for å bruke miniatyrbana som ligg ca. 800 m. frå skulen.

Elevane bevegde seg klassevis frå skulen til skytehallen. Der fekk dei litt instruksjon før skyting. Så bevegde dei seg tilbake til skulen. Dette brukte klassen 1 skuletime på.

I løpet av 5 timer deltok 101 elevar og lærarar.

På grunn av instruksjon og litt venting, vart det ikkje teke tid på deltakarane.

Elevane og lærarane var svært posetive til opplegget, og svært mange ønskte å kome tilbake til skytehallen for å trenere.

Seinare på dag var konkursen open for andre.

**Totalt deltakarantall: 113.**

Alf Muldsvor

Idar Nygård

ungdomsledar

styremedlem.